



SULDAL KOMMUNE

Eidsvegen 7

4230 SAND

Kontakt saksbehandlar

Ida Eline Skålnes, 51568807

Fråsegn - høyring og offentleg ettersyn - kommuneplan - Suldal - kommunal planstrategi 2024 - 2027

Suldal kommune har sendt forslag til planstrategi på høyring. Kommunen vedtok både samfunnsdel og arealdel i 2023, og skal derfor ikkje revidere desse i inneverande periode. Kommunen skal likevel arbeide med fleire tema- og fagplanar. Statsforvaltaren gir fråsegn til planstrategien basert på dei sektorinteressene me er sett til å ta vare på.

Satsingsområda til kommunen er vidareført frå sist revisjon av samfunnsdel og arealdel. Dei er som følger:

- Å Leva, bu og trivast
- Attraktive Suldal
- Grøne Suldal
- Nyskapande arbeidsgjevar

Kommunen har nyleg revidert samfunnsdel og arealdel, og desse skal ikkje reviderast i komande kommunestyreperiode. Kommunestyret har i økonomiplan med handlingsprogram 2024-2027 (sak 157/23) allereie vedtatt oppstart/revisjon av fleire av planane som skal utarbeidast i denne perioden:

- Kunst- og kulturplan
- Strategisk næringsplan med reiselivsstrategi
- Plan for berekraftige kraftlandsbyer i samband med industriprosjekt i Suldal
- Plan for framtidens bustadmarknad i heile Suldal
- Klima og energiplan - for korleis ein kan nå målet for klimagassutslepp innan 2030
- Idrettspolitisk handlingsplan (revisjon)
- Heilskapleg rekrutteringsplan (revisjon)

Ikkje alle planane som vart vedteken revidert i sist planstrategi er revidert. Følgjande skal ferdigstilast/reviderast i inneverande periode:

- Bustadsosial handlingsplan (2012- 2016)
- Aksjonsplan landbruk (2013-2025)



- Trafikktryggleiksplan 2019

I tillegg skal heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) og beredskapsplan reviderast i 2025.

Lovgrunnlag

Å vedta kommunal planstrategi er ei lovpålagt oppgåve med heimel i plan- og bygningslova § 10-1 som lyder slik:

Kommunestyret skal minst en gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i planperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunal planstrategi er først og fremst eit strategisk dokument for kommunen som skal vere førande for kommunen sine prioriteringar av planarbeidet i den komande valperioden. Utarbeiding av planstrategien skal ta utgangspunkt i kommunen sine behov basert på ei lokal vurdering, men strategien skal også gi grunnlag for å vareta nasjonale og regionale interesser i den kommunale planlegginga.

Av nye nasjonale føringar vil me særleg trekke fram følgande:

- **nye Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027**
- **ny nasjonal jordvernstrategi og revidert regionalt jordvernmål**
- **forpliktingar i den nye Naturavtalen**
- **endring av klimamåla for 2030 i § 3 i klimaloven**
- **ny barnevernslov**
- **den tryggingpolitiske utviklinga i Europa inneber større forventningar til heilskapleg planlegging som også sikrar totalberedskapen**
- **ny lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet.**

I det vidare har vi meir konkrete innspel til vurderingar innan våre sektoransvarsområde.

Kommunen gjorde eit godt arbeid med å revidere samfunnsdel og arealdel med føreseger sist periode. Forslag til planstrategi står fram som eit oversikteleg dokument med tydelege prioriteringar for inneverande periode.

Arealbruk

Sjølv om arealdelen ikkje skal reviderast, har kommunen likevel identifisert nokre arealmessige behov som kan bli aktuelle i tida framover. Det går føre seg ein prosess knytt til oppgradering av Røldal-Suldal kraftanlegga, og sjølv om det meste av arealbruken vil bli regulert gjennom ein eventuell konsesjon, skriv kommunen at det kan bli behov utanom for bustader og eventuelt mindre næringsareal. Dersom ein kjem i mål med å finne eigna areal, er det mogleg å fremme reguleringsplan for bustader i strid med kommuneplanen. Både Nesflaten og Roaldkvam ligg inne som LNF-



område med mellom anna høve til spreidd næringsetablering. Det kan og vere mogleg å sjå på fortetting av bustadareal i eksisterande reguleringsplan Kilane.

Å kartleggje potensialet for fortetting og transformasjon vil vere viktig før ein vurderer å omdisponere nye område. Kommunen kan og vurdere å utarbeide kommunedelplan for området, slik at ein får vurdert behova i eit meir heilskapleg perspektiv enn det ein får til gjennom reguleringsplan. Viss det finns areal avsett til utbyggingsføre mål som ikkje lengre er aktuelt å bygge på, bør desse tilbakeførast til LNF-føre mål. Uavhengig av prosess, må areala vere eigna ut frå nasjonale og regionale føringar, og det må utarbeidast gode konsekvensutgreiingar og risikovurderingar.

Vidare går det fram av planstrategien at kan det bli aktuelt med kommunedelplan når dei store utbyggingsplanane på Jelsa skal i gang. Kommunen skriv at planane kan gje ringverknader, og dersom planane blir meir omfattande kan det vere mogleg å setje i gong arbeid med kommunedelplan for Jelsa. Det er ikkje spesifikt vist til kva ein slik plan skal innehalde, men Statsforvaltaren tolkar ut frå det kommunen skriv at bustadareal og næringsareal kan bli blant problemstillingane. Det er tidlegare signalisert at det finst tilgjengeleg areal avsett til fritidsbustader på Jelsa som kan omregulerast ved behov.

Det meir enn berre det arealmessige som må vurderast dersom planane på Berakvam fører med seg den tilflyttinga kommunen ser for seg, noko me peikte på i samband med sist revisjon av kommuneplanen. Me peika særleg på kapasitet i barnehage, skular og helsevesen. Å sikre ein overordna og langsiktig plan for området kan vere hensiktsmessig, slik at problemstillingane blir tydeleg definert, både geografisk og tematisk, samstundes som det sikrar god medverknad og same krav til utgreiing som ein kommuneplanprosess.

Det er positivt at kommunen har fokus på planvask når dei vurderer arealplanar i kommuneplan. Sidan arealdelen ikkje skal reviderast, forstår me dette som at kommunen i kommunestyreperioden vil gjere eit arbeid med å vurdere eldre planar og vurdere kva planar som eventuelt bør opphevast. Me er positive til at kommunen gjer eit slikt arbeid, og syner mellom anna til dei Nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging 2023-2027 pkt. 47, 48, 57 og 69. Me syner og til [fylkeskommunens digitale teneste for arealregnskap](#) som eit godt verktøy. Kommunen har og plikt etter plan- og bygningslova § 12-4 femte ledd å sørgje for at planar som ikkje er realiserte 10 år etter vedtak, i naudsynt grad er oppdaterte før det gis løyve til bygge- og anleggstiltak.

Landbruk

Kommunen gir uttrykk for at det ikkje er ønskeleg med mange kommunedelplanar, men at dei fleste sektorområda blir følgt opp gjennom kommuneplanen. Landbruket er omtala fleire stader i kommuneplanen sin samfunnsdel og med eit punkt i arealstrategien. Ein fagplan for landbruk sikrar ikkje like brei medverknad som ein kommunedelplan ville gjort, men dette ligg til kommunen å velje. Når det gjeld utviklingstrekk og utfordringar innanfor landbrukssektoren i Suldal er kommunen kjent med fleire av desse, og me syner til dømes til funn i spørjeundersøkinga «Framtidsutsikter for landbruket i Rogaland» og anna statistikk som kunnskapsgrunnlag for å gripe fatt i tematikken. NIBIO skal lage en ny, oppdatert verdiskapings-rapport for jordbruket i Rogaland. Denne vil være klar til hausten, og noko som kommunen kan dra nytte av. Me syner og til vår spørjeundersøking som gjaldt leigejord. Kommunen kan ha gjort seg nokre refleksjonar gjennom det arbeidet som gjeld korleis kommunen følgjer opp leigeavtaler og arbeidet med å følgje opp driveplikta i jordlova § 8.

På side 6 i planstrategien går det fram at kommunen tenkjer at temaplanar ikkje skal handsamast etter plan- og bygningslova, men skal ha politisk behandling og vere med å utdjupe kommuneplanen



innanfor eit spesifikt tema eller fagområde. Ein fagplan er nemnd som ein administrativ plan for eit spesifikt fagområde som utdjupar delar av kommuneplan eller ein temaplan.

Ein av fagplanane som skal reviderast er «Aksjonsplan landbruk 2013-2025», der måla i ny kommuneplan skal detaljerast. Handlingsprogrammet for kommuneplan 2024-2027 har i pkt. 2.3 som mål at Suldal skal ha eit robust, framtidretta og berekraftig landbruk, med fleire strategiar og tiltak. Her er både beitenæringa, kulturlandskapet og artsmangfald nemnd. I tillegg er det strategi for å utvikla og utnytte potensial for ulike tilleggsnæringar, strategi for eit berekraftig og aktivt skogbruk med fokus på skogkultur, skjøtsel og det å fremme bruk av tre, eit strengt jordvern og buplikt på landbrukseigedomar. Me saknar at Utvalde kulturlandskap i landbruket er nemnd, all den tid Suldal har slikt område.

I strategien som går på å bidra til gode generasjonsskifte og det å få unge til å satse på landbruket, er det tiltak om å føre vidare prosjektet «Suldalsbonden mot år 2050» og sjå på kriteria og støtteordningane i landbruket. Vidare er det sett av 3,0 millionar i perioden 2024-26 for å auka det kommunale tilskotet til nye driftsbygningar tilpassa lausdrift frå 5 % til 15 %. Me er positive til at kommunen tek aktivt grep for å halde på mjølkeproduksjonen.

Det er positivt at fagplan for landbruket skal reviderast. Kommunen bør vurdere om det skal sjåast meir konkret på korleis nokre av strategiane i handlingsprogrammet skal følgjast opp. Det er til dømes ikkje nokre tiltak knytt til strategien for tilleggsnæringar/andre landbruksbaserte næringar eller skogkultur, skjøtsel mv.

Dersom det er trong for å drøfte einskilde tema innanfor landbruksområdet, vil me oppmoda kommunen om å ta kontakt med oss.

Samfunnstryggleik

Klimaendringane og den tryggleikspolitiske utviklinga med auka spenningsnivå og krig i Europa, gjer det naudsynt å ta omsyn til førebyggjande samfunnstryggleik i større grad, også innan planar etter plan og bygningsloven. Dette bør leggjast vekt på ved revidering av Heilskapleg ROS (risiko- og sårbarheitsanalyse), og vidare i anna relevant planverk. Det er positivt at planstrategien blir sett i ein større samanheng ved å omtale internasjonal utvikling, krig, klima og natur.

Omsyn til Forsvaret har tradisjonelt ikkje vore forventa i plansamanheng, men dagens tryggleikspolitiske situasjon gjer at det må leggast meir vekt på vurderingar med tanke på totalforsvaret også i arealplan. Dette gjeld både Forsvaret sine eigne areal, kva dei treng av nye areal i framtida og kritisk infrastruktur dei er avhengige av for å kunne forsvare landet. Totalberedskap og samfunnstryggleik er eit nasjonalt satsingsområde, og me meiner derfor det er behov for å innlemme samfunnstryggleik på ein tydelegare og meir forpliktande måte i planstrategien og i planarbeidet framover.

Slik samfunnet utviklar seg er det og viktig å minimere konfliktpotensialet mellom kritisk infrastruktur og nye byggeområde, og anlegg som kan påverke risikobiletet for området. Det er og viktig å vurdere korleis risikobiletet blir endra som følgje av det grønne skiftet; som aukande kraftproduksjon og -behov, og bruk av nye energiformer, ny teknologi/industri og korleis dette kan påverke sårbarheita i samfunnet. Regjeringa forventar at kommunane bidreg til ein robust kritisk infrastruktur, som kraftforsyning, drikkevassforsyning og avlaupssystem.

Nye statlege føringar legg større vekt på å ta omsyn til klimaendringar og naturfare innan samfunnstryggleik og beredskap. Det same gjeld viktigheita av å ta vare på samanhengande natur- og



landbruksområde, og i eit beredskapsperspektiv. Dyrka jord er viktig for landets eigenberedskap. Vi bør ta vare på dei jordressursane som er, og sjå til at dei blir haldne i drift.

Suldal kommune skal oppdatere sin heilskaplege ROS (HROS) i 2025. Då er det viktig å få med ovannemnde tema, og få knytt tiltak opp imot anna planverk. Me støttar ambisjonane om revisjon av trafikktryggleiksplan, ny klima- og energiplan, naturmangfaldsplan og overordna plan for vatn og avlaup og overvasshandtering. Det er sannsynleg at oppfølgingspunkt frå alle desse kan brukast inn i HROS og elles i kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleiken i Suldal. Det kan gjerne vere ei tydelegare kopling imellom HROS og samfunnsdel.

Utgreiing og kartlegging

Kommunen bør vurdere å skaffe seg eit betre kunnskapsgrunnlag ved å farekartlegge skredutsette område der det er planlagt at det bur folk, og der det er gjentakande utfordringar med tiltak og utvikling i aktsemdområde i kommunen. Det kjem stadig ny informasjon om klimaendringane, no sist ein ny rapport om havnivåstigning med rettleiar og nye tal på stormflo som må innarbeidast i planlegginga. Det kan og vere nyttig å kartfeste bustader som ligg i fare/aktsemdssonar, til bruk i kommunen sitt vidare arbeid med risiko og sårbarheit. For Suldal sin del kan det og vere nyttig å ta ein gjennomgang av karttema «skog med betydning for snøskredfare», som NVE har laga. Slik kan kommunen sjå kva skogteigar som er viktige naturbaserte løysingar for snøskredførebygging, og vurdere å setje dei av som verneskog. Vidare støttar me kommunen sin intensjon om planvask med omsyn til naturfare. Ei rask sjekk viser at mange av Suldal sine eksisterande regulerte byggeområde ligg utsett til for naturfare.

Suldal er ein stor hyttekommune, og det kan vere fornuftig å innarbeide ulike risikovurderingar som gjeld fritidsbustader, t.d. skogbrannforebygging og -beredskap for slike område. Eit varmare klima aukar risiko for brann både grunna meir tørke og auka biomasse. Saman med gjengroing kan brannrisikoen auke i mange område. Dette kan gjerne inngå som ein del av ei kartlegging av klima-sårbarheit i kommunen. Me vil og minne om at naturbaserte løysingar må vurderast for å dempe avrenning, og at dette må vurderast i ROS-analyser for planar der natur blir bygd ned. Kommunen kan gjerne vurdere å kartlegge fordrygingsareal og, som del av klimasårbarheitsanalyse. I ei slik kartlegging kan ein sjå på samanhengen mellom nedbygging/drenering og auka avrenning nedstraums.

Klimarisiko

Klimarisiko kan gjerne takast med i planstrategien, og ulike aspekt ved det innarbeidast i HROS ved neste revidering. Me vil peike på Klimarisikoutvalet si omtale av søksmålrisiko, som er risiko som vil vere relevant for fleire kommunar etter kvart som klimaendringane fører til skade på eigedom som ikkje er godt nok klimatilpassa. Klimarisiko kan gjerne sjåast på i samanheng med naturrisiko, som er greidd ut om i NOU 2024:2. Det skal vise risiko forbunde med tap og forringing av natur, for både enkeltaktørar og for samfunnet. Me meiner ein må sjå heilskapleg på dei ulike risikoane forbundne med endringane i arealbruk og minkande natur.

Klimaendringar

FN seier at val som blir tatt dette tiåret vil påverke planeten vår i tusenvis av år fram i tid. Suldal kommune har, saman med dei andre kommunane i Rogaland, eit ansvar for å avgrense sine klimagassutslepp, både som organisasjon og som kommune. Når denne planstrategien skal erstattast vil det vere ca. 2 år til målsetninga om minst 55 % utsleppskutt samanlikna med 1990 skal vere nådd. Det er derfor klare forventningar om at planperioden vi no går inn i nyttas til å legge kortsiktige og langsiktige planar for permanente reduksjonar av klimagassutslepp, og at kommunen sitt planverk



oppdaterast i høve til klimalova sine målsetningar, statlege planretningslinjer og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027. Nye statlege planretningslinjer for klima og energi var nyleg på høyring. Me rår til at kommunen vurderer desse retningslinjene i arbeidet vidare, sjølv om desse ikkje er vedtatt enno. Retningslinjene er venta vedtatt om ikkje så lang tid, og vil vere gjeldande i store delar av planperioden.

Me ser at for Suldal kommune er skog nemnt som eit veldig viktig klimatiltak, men det er viktig at kommunen nyttar skog på riktig måte. I klimarekneskapet i Suldal er det berre auke eller reduksjon av karbonopptak i skog som skal reknast inn. Meir informasjon om dette er på NIBIO sine heimesider, <https://www.nibio.no/tema/miljo/klimagassregnskapet-for-arealbrukssektoren/eus-forsterkede-klimamal-hva-betyr-det-for-norge-og-norsk-skogforvaltning>.

Kommunen bør prioritera å få klar ein klimaplan tidleg i planperioden. Kommunen legg opp til å ha klimaplanen ferdig i 2027. Då vil det i praksis vere 2-3 år før målsetjinga om 55 % utsléppskutt innan 2030 skal vere oppnådd. Det vil vere veldig kort tid til å få inn gode tiltak, særleg tiltak som krev tid for å virke, til dømes tiltak innan arealplanlegginga. Me rår derfor til at klima- og energiplanen vert prioritert høgare, og at ambisjonsnivået som eit minimum tilfredsstillar nasjonale klimamål, jf. klimaloven § 3. Klimaplanen bør og omfatte ein plan for korleis kommunen kan nå klimaloven § 4, at Noreg skal vere eit lågutsleppssamfunn innan 2050.

Det går fram av planstrategien at det i samband med arbeidet med ein klimaplan, kan vere aktuelt å utarbeide ein naturmangfaldsplan som ein del av kunnskapsgrunnlaget. Statsforvaltaren støttar dette. Å identifisere areal med betydning for både klima og natur av både lokal, regional og nasjonal betydning vil vere nyttig for arealforvaltninga generelt i kommunen.

Interkommunalt samarbeid

Interkommunalt samarbeid er i dag ein viktig del av kommunen si verksemd. Interkommunalt samarbeid kan omfatte alt frå utføring av tenester, faglege nettverk for informasjonsutveksling og kompetanseheving, til politiske samarbeidsorgan for ein region m.m. Det er lagt til rette i kommunelova for samarbeid mellom kommunar både når det gjeld driftsoppgåver og myndighetsoppgåver. Kommunen kan gjennom arbeidet med Økonomiplan med handlingsprogram og dei ulike tema- og fagplanane legge opp til ein systematisk gjennomgang av om det er område i kommunen der ytterlegare samarbeid, eller nye samarbeidsformer, med andre kommunar eller andre aktørar, kan vere naudsynt for å levere god kvalitet på lovpålagte tenester, oppnå effektiviseringsgevinstar og sikre eit berekraftig velferdssamfunn inn i framtida. For tema- og fagplanane kan dette til dømes vere aktuelt under revisjonen av overordna beredskapsplan, av innkjøpsstrategi og av strategisk kompetanseplan.

FN-konvensjonen for menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)

FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) skal leggast til grunn i alt arbeid i kommunen som rår personar med funksjonsnedsetting. Dette betyr innan dei fleste av kommunen sine tenester og ansvarsområde. Å bygga opp kompetansen om CRPD, og om det praktiske arbeidet som må til for å oppfylle rettane til personar med funksjonsnedsetting, krev eit eige fokus i kommunen. Å få CRPD med som eit prioritert område i relevante tema- og fagplanar som skal reviderast, vil sikre naudsynt forankring og betre moglegheiter til å lykkast med arbeidet. Personar som møter ulike barrierar for deltaking og inkludering i samfunnet på grunn av funksjonshindringar, utgjer ein stor del av kommunen sine innbyggjarar. Desse bør difor vere godt representert i medverkningsprosessane knytt til alle planar.



Kommunen skal revidere plan for å behalde og rekruttere arbeidstakarar i planperioden. Folkehelseoversikta syner at ni prosent av innbyggjarane i Suldal i alderen 16 – 66 år er arbeidsuføre. Å bygge ned barrierar i arbeidslivet, slik at fleire med funksjonshindringar kan vere i arbeid i kommunen, bør difor vere eit viktig mål i planen for å behalde og rekruttere arbeidstakarar. Eit avsnitt om dette kan kommunen leggje til under overskrifta «Nyskapande arbeidsgjevar» i planstrategien, og i det same avsnittet nemne CRPD eksplisitt.

Økonomisk handlingsrom

Kommunen har i dag eit stort økonomisk handlingsrom. Det å arbeide for å forsterke og vidareutvikla samanhengen mellom kommuneplanen sin samfunnsdel, temaplanar og fagplanane med handlings- og økonomiplanen er viktig for å oppretthalde eit godt økonomisk handlingsrom inn i framtida.

Utdanning

Suldal skal lage ein ny *Kvalitetsplan for barn og unge*. Planstrategien seier ikkje om den nye planen skal erstatte eller kome i tillegg til andre planar i oppvekstsektoren. Sjølv om det ikkje ligg planar for innhald i skule og barnehage på nettsidene, er vi kjent med at kommunen har fleire planar, strategiar, rutinar og rettleiarar på området. Statsforvaltaren rår kommunen om å synleggjere gjeldande planar på heimesidene. For å unngå ein fragmentering av plansystemet, bør også kommunen vurdere å samle planane på oppvekstfeltet, slik den nye kvalitetsplanen kanskje er tenkt.

Kommunen har utfordringar med lærarkompetanse i grunnskulen, og manglar lærarar på alle trinn. Lærarmangelen i barnehagane varierer frå år til år, men også her er det sårbart. Når *Plan for å behalde og rekruttere* skal reviderast, bør mangel på lærarar i barnehage og skule ha eit særleg fokus.

Planstrategien nemner ikkje inkludering og integrering av innvandrarar og flyktningar, og det finnst heller ikkje ein plan for dette på kommunen sine nettsider. Suldal har busett mange flyktningar dei siste åra, og kommunen bør vurdere å utarbeide ein plan eller strategi for integrering og inkludering. Dersom kommunen allereie har ein slik plan, må den bli meir synleg i plansystemet.

Folkehelse

Arbeidet med planstrategi skal bygge på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag. § 5 i folkehelselova set krav til kommunen om å ha naudsynt laupande oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar helsa. Kvart fjerde år skal kommunane utarbeida eit samla oversiktsdokument. Oversiktsdokumentet skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi, jf. folkehelselova § 6 og forskrift om oversikt over folkehelsa § 5. Konsekvensar og årsaksforhold skal vere vurdert i oversiktsdokumentet, og trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale eller helsemessige problem skal ha eit særskilt fokus.

Folkehelseutfordringane skal vektleggast i drøfting og vurdering av alle relevante planar for kommunen som samfunn og organisasjon, jf. plan og bygningslovas § 3-1 f. Dersom oversiktsdokumentet viser at kommunen har folkehelseutfordringar på eitt eller fleire område, men ikkje har mål, tiltak og strategiar for å løyse dette i eksisterande planar, eller ser at noverande planar ikkje er gode nok, bør dette drøftast i arbeidet med planstrategien. På denne måten vil ein og sikre ei overordna koordinering av den tverrfaglege og tverrsektorielle innsatsen som må til for å følgje opp identifiserte folkehelseutfordringar. Statsforvaltaren ser at Suldal kommune har utarbeida eit oppdatert oversiktsdokument og at dette inngår som grunnlag for kommunen sin planstrategi.



Statsforvaltaren vil utover dette trekke frem lovendringar knyta til barnevernsreforma og kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale feltet. Me ønsker og å sette fokus på rekrutterings- og kompetanseplanlegging i helse- og omsorgstenestene.

Barnevernsreforma flyttar meir ansvar til kommunane på barnevernsområdet. Reforma skal bidra til å styrke det forebyggjande arbeidet gjennom tidleg- og tverrsektoriell innsats. Ny lov om barnevern § 15-1, pålegg kommunane å utarbeide ein plan for arbeid med å forebygge omsorgssvikt og åtferdsproblem. Planen skal vedtakast av kommunestyret og kan sjåast som ein av grunnsteinane i kommunen sitt arbeid med barnevernsreforma. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at Suldal kommune omtalar barnevernsreforma eller kommunen sin plan for å forebyggje omsorgssvikt og åtferdsproblem. Det går fram av planstrategien at berre dei meir overordna planane og planar som eventuelt bør reviderast i perioden blir nemnd i dokumentet. Plan for forebygging stiller krav til overordna og strategisk planlegging på tvers av sektor. Statsforvaltaren oppmodar kommunen til å vurdere om den derfor bør inngå i planstrategien.

Ny lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet § 5, pålegg kommunen å ha oversikt over behovet for både ordinære og tilpassa bustadar for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Med tilpassa bustader meinast bustader med hjelpe- og vernetiltak for dei som treng det på grunn av alder, funksjonsnedsetjing, rus- og/eller psykiske plagar eller andre årsaker. Oversikten skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi etter plan- og bygningslova § 10-1. Ei drøfting av kommunen sitt bustadsosiale arbeid bør inngå i planstrategien. Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplanen etter plan og bygningslova kapittel 11 fastsette overordna mål og strategiar for det bustadsosiale arbeidet. Måla og strategiane skal vere eigna til å møte dei utfordringane kommunen står ovanfor med utgangspunkt i oversikten nemnt i første punktum. § 10 i den nye lova om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet er ei overgangsføresegn som seier at krava til planstrategi og kommuneplan etter § 5 skal være oppfylt seinast fire år etter at lova trer i kraft. Det er positivt at denne blir omtalt i planstrategien.

Rekrutterings- og kompetanseplanlegging skal takast godt i vare kommunane si samfunnsplanlegging. Statsforvaltaren har i oppdrag å støtte og rettleie kommunane i deira arbeid med strategisk kompetanseutvikling. For at kompetanseutviklinga skal vere strategisk, må den støtte måla og oppgåvene i verksemda. Me rår til at kommunane utarbeider skriftlege, politisk vedtekte planar for å sikre kapasitet, kompetanse og kvalitet i helse- og omsorgstenestene. Demografiutfordringar og berekraft bør være tema i planane.

Med helsing

Bent Høie (e.f.)
statsforvalter

Marit Sundsvik Bendixen
fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstuen	0301	Oslo
Kystverket	pb. 1502	6025	ÅLESUND
Mattilsynet, Felles postmottak	Postboks 383	2381	Brumunddal
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 sentrum	5804	Bergen